



Statens vegvesen

Notat

Til: Hordaland fylkeskommune
Frå: Styring- og strategistab
Kopi:

Sakshandsamar/telefon:
Kristian Bauge / 55 51 63 37
Vår dato: 12.02.2018
Vår referanse:

Nytt takst- og rabattsystem – bruk av passeringstak

Statens vegvesen, Region vest viser til mottatt førespurnad frå Hordaland fylkeskommune der ein er bedt om å sjå på alternative løysingar som kan imøtekomme dei lokale ønska om at overgangen til nytt takst- og rabattsystem i tråd med Regjeringas bompengereform ikkje skal gå ut over lokaltrafikken, den regionale utviklinga og økonomien i prosjekta Hardangerbrua og Vossapakken.

Statens vegvesen har sendt saker på lokalpolitisk handsaming til eigarkommunane og fylkeskommunen der det er vist at omlegging av takst- og rabattsystemet, frå dagens ordning med inntil 50 pst. rabatt, til nytt system med 20 pst. rabatt for takstgruppe 1 medfører ein auka lokal finansieringsdel i prosjekta. For å avgrense effekten på lokale brukarar har samferdsledepartementet signalisert at passeringstak kan nyttast som verkemiddel. Ved å innføre passeringstak vil lokale brukarar til ein viss grad verte skjerma mot auka bompengebelasting, samtidig som takstane må aukast for å finansiere bortfall av inntekter frå dei som oppnår det månadlege passeringstaket.

Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune har tidlegare rekna på nye takstar med passeringstak ned til 30 passeringar per månad. Statens vegvesen har tidlegare vore restriktive på å tilby kommunane eit lågare passeringstak, då det vil krevje at takstane må justerast relativt mykje opp, samtidig som et (veldig) lågt passeringstak kan ha trafikale verknader som ikkje er føresett i berekningane av nye takstar.

På bakgrunn av førespurnaden frå Hardangerrådet via HFK er det rekna på nye takstar gitt passeringstak på 25 og 20 passeringar per kalendermånad. Til grunn for berekningane ligg det same datamaterialet som låg til grunn for saka som er sendt til kommunane og fylkeskommunen til handsaming.

Hardangerbrua

Det er rekna på nye takster med nytt takst- og rabattsystem. Berekinga viser at for at omlegginga til nytt system skal gi om lag den same bompengeinntekta til selskapet som i dag, må det innførast følgjande bompengetakstar:

Takstgruppe 1: Kr. 153

Takstgruppe 2: Kr. 468

Berekening av tapt bompenginntekt som følge av passeringstak

Statens vegvesen har nytta passeringssdata som viser kor mange passeringar køyretøya som passerer bomstasjonen på Hardangerbrua har kvar månad i gjennomsnitt. Tabellen under viser kor mange passeringar i dei to takstgruppene som vil verte gratis som følge av innføring av passeringstak, og kva for eit inntektsbortfall det vil gi.

Passeringstak	Antall passeringer som bortfaller pr mnd		Inntektsbortfall per år		
	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2	Totalt
70	0	150	-	882 168	882 168
60	60	150	89 498	882 168	971 666
50	162	253	241 644	1 487 923	1 729 568
40	715	473	1 066 517	2 781 769	3 848 287
30	1 362	840	2 031 604	4 940 140	6 971 744
25	1 686	996	2 514 893	5 857 595	8 372 487
20	2 089	1 182	3 116 020	6 951 483	10 067 503

Som ein kan sjå viser tabellen at passeringstak på 20 passeringar per kalendermånad for alle køyretøy vil meføre bortfall av bompenginntekt på om lag 10 mill. kroner kvart år. Dette inntektsbortfallet må finansierast ved å auke takstane for dei betalande passeringane.

Forhold mellom takstgruppene

Statens vegvesen har i tidlegare sendt sak lagt til grunn at forholdet mellom dei to takstgruppene skulle vere på om lag same nivå som dei føreslegne nye takstane ($468/153=3,06$) ved innføring av passeringstak. I tråd med føringane frå Prop. 1 S Tillegg 2 (2015–2016) er det lagt til grunn at omlegginga av takstsystemet ikkje skal føre til ein overføring av bompengedelen mellom takstgruppene. Det er derfor berekna nye takster der dei to takstgruppene finansierer om lag like stor del av den totale bompenginntekta som i dag. Nye takstar for dei ulike nivåa på passeringstak er vist under:

Nye takstar med passeringstak gitt lik finansieringsdel

Passeringstak	Ny takst med passeringstak 2017-kr	
	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2
70	153	488
60	153	488
50	154	502
40	155	536
30	158	602
25	159	638
20	160	652

Ein kan tenke seg eit alternativ 2 der takstgruppe 2 ikkje har passeringstak. Passeringstaket for takstgruppe 1 vil då skjerme lokale storbrukarar, medan dei tunge køyretøya vil kunne ha ein noko lågare bompengetakst, enn tilfellet er om det vert innført passeringstak også for takstgruppe 2. Det vil skjerme dei tunge køyretøya som har få passeringar per månad.

I 2015 var om lag 40 pst. av dei betalande passeringar i takstgruppe 2 på Hardangerbrua med avtale om 50 pst. rabatt. 55 pst. var til full pris, medan om lag 5 pst. hadde avtalar med 30 og 40 pst. For takstgruppe 1 var om lag 20 pst. med avtale 50 pst. og 75 pst. med full pris.

Vossapakken

Det er rekna på nye takster med nytt takst- og rabattsystem. Berekninga viser at for at omlegginga til nytt system skal gi om lag den same bompenginntekta til selskapet som i dag, må det innførast følgjande bompengetakstar (2017-prisar):

Takstgruppe 1: Kr. 48

Takstgruppe 2: Kr. 74

Berekning av tapt bompenginntekt som følge av passeringstak

Tabellen under viser kor mange passeringar i dei to takstgruppene som vil verte gratis som følge av innføring av passeringstak, og kva for eit inntektsbortfall det vil gi.

Passeringstak	Antall passeringar som bortfaller pr mnd		Inntektsbortfall per år		
	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2	Totalt
70	1 205	6 655	530 787	5 452 172	5 982 959
60	1 860	7 250	819 306	5 939 631	6 758 937
50	2 849	7 888	1 254 947	6 462 319	7 717 266
40	5 606	9 123	2 469 370	7 474 104	9 943 474
30	12 234	10 742	5 388 918	8 800 485	14 189 403
25	12 742	10 889	5 612 685	8 920 917	14 533 602
20	16 132	12 032	7 105 936	9 857 330	16 963 266

For Vossapakken vil eit passeringstak på 20 medføre bortfall av inntekter på om lag 17 millionar kroner årleg.

Forhold mellom takstgruppene

Statens vegvesen har i tidlegare sendt sak lagt til grunn at forholdet mellom dei to takstgruppene skulle vere på om lag same nivå som dei føreslegne nye takstane ($74/48=1,5$) ved innføring av passeringstak. I tråd med føringane frå Prop. 1 S Tillegg 2 (2015–2016) er det lagt til grunn at omlegginga av takstsystemet ikkje skal føre til ein overføring av bompengedelen mellom takstgruppene. Det er derfor berekna nye takster der dei to takstgruppene finansierer om lag like stor del av den totale bompenginntekta som i dag. Nye takstar for dei ulike nivåa på passeringstak er vist under:

Nye takstar med passeringstak gitt lik finansieringsdel Vossapakken

Passeringstak	Ny takst med passeringstak 2017-kr	
	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2
70	48	118
60	48	124
50	49	132
40	49	149
30	51	182
25	52	186
20	53	220

Om dei to takstgruppene skal finansiere lik del av bompenginntekta som i dag, vil taksten for takstgruppe 2 måtte aukast monaleg. Bakgrunnen for behovet for den høge taksten for takstgruppe 2 er at ein stor del av køyretøya har mange passeringar kvar månad.

Som for Hardangerbrua kan ein sjå føre seg eit alternativ 2 for Vossapakken der takstgruppe 2 ikkje har passeringstak, medan takstgruppe 1 har det. Takstane vil då kunne settast ein del lågare for denne takstgruppa.

I 2015 var om lag 38 pst. av dei betalende passeringar i takstgruppe 2 gjennom Vossapakken med avtale om 50 pst. rabatt. 57 pst. var til full pris, medan om lag 5 pst. hadde avtalar med 30 og 40 pst. For takstgruppe 1 var om lag 21 pst. med avtale 50 pst. og 67 pst. med full pris.

Tilskotsordninga

I dei viste takstane over er det ikkje vist kva effekten av tilskot etter tilskotsordninga utanfor dei store byområda vil ha for dei to prosjekta. Hardangerbrua AS og Voss og omland bompengeselskap AS har søkt om, og fått innvilga tilskot. Takstane vil derfor reduserast med 10 pst. når selskapet har oppfylt krava frå Vegdirektoratet til dokumentasjon.

For prosjektet Fv7/Rv13 Hardangerbrua blei det avsett 9 mill. kr. i 2017 budsjettet og 4,5 mill. kr i ekstraordinær tildeling for 2017. Samla utbetaling for budsjettåret 2017 kan derfor bli på 13,5 mill. kr, under føresetnad om at bompengeselskapet får på plass påkrevd dokumentasjon.

For prosjektet Vossapakke blei det avsett 9 mill. kr. i ordinær løyving i 2017 budsjettet og 3,9 mill. kr i ekstraordinær tildeling for 2017. Samla utbetaling til prosjektet for budsjettåret 2017 kan derfor bli på 11,9 mill. kr, under føresetnad om at bompengeselskapet får på plass påkrevd dokumentasjon

Det er ikkje lagt opp til at tilskotta for 2017 og for 2018 kan overførast til 2019. Selskapa vil antakeleg miste tilskotta både for 2017 og 2018 om dokumentasjonen ikkje vert førelagt Vegdirektoratet innan framsett frist 1. april. 2018. Om dokumentasjonen vert sendt inn etter 1. april. vil selskapa kunna få tilskott i 2019 og åra etter, gitt at tilskottsordninga vert vidareført i dei komande statsbudsjetta.

Nye takstar med tilskottsordninga

Under er det vist kva for utslag på dei berekna takstane midlane frå tilskottsordninga vil gjere på Hardangerbrua og Vossapakken:

Nye takstar med midlar frå tilskottsordninga for Hardangerbrua:

Passeringstak	Ny takst med passeringstak 2017-kr		Ny takst med passeringstak og tilskott 2017-kr	
	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2
70	153	488	138	439
60	153	488	138	439
50	154	502	139	452
40	155	536	140	482
30	158	602	142	542
25	159	638	143	574
20	160	652	144	587

Nye takstar med midlar frå tilskottsordninga for Vossapakken:

Passeringstak	Ny takst med passeringstak 2017-kr		Ny takst med passeringstak og tilskott 2017-kr	
	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2
70	48	118	43	106
60	48	124	43	112
50	49	132	44	119
40	49	149	44	134
30	51	182	46	164
25	52	186	47	168
20	53	220	48	198

Tabellane viser at takstane kan reduserast med 10 pst. som følgje av midlane frå tilskottsordninga.

Midlane frå tilskottsordninga vil gi alle brukarar lågare bompengetakstar. Innføring av passeringstak vil òg vere tenleg for lokale storbrukarar gjennom etableringa av eit tak på månadlege kostnader.

Framtidig justeringsmoglegheit

Statens vegvesen legg til grunn at ein går gjennom inntekt- og passeringstal saman med bompengeselskapa ein tid etter at omlegginga er gjennomført, slik at ein kan sikre at bompengeinntektene ikkje vert vesentleg endra som følgje av omlegginga. Om det vert store utslag vil Statens vegvesen saman med bompengeselskapet leggje fram forslag til justerte takstar for lokale myndigheiter.